



Kommunal- og distriktsdepartementet

PM-2019-5: Inkluderingsdugnaden – førebels tilsette skal teljast med omsyn til 5%-målet

Forfatter Statens personalhåndbok – Personalmeldinger

Dato 2019-03-29

Publisert PM-2019-5

Sammendrag Til: Statsforvaltninga og Riksrevisjonen. Gjeld: Statens personalhåndbok pkt. 1.6 Ein personalpolitikk for å styrke inkludering og mangfald

PM-2019-5 Inkluderingsdugnaden – førebels tilsette skal teljast med omsyn til 5%-målet

Dato: 29.03.2019

Til: Statsforvaltninga og Riksrevisjonen

Gjeld: Statens personalhåndbok pkt. 1.6 Ein personalpolitikk for å styrke inkludering og mangfald

Inkluderingsdugnaden er regjeringa si satsing for å få fleire i arbeid, og for å ta i bruk kompetansen og arbeidskrafta til dei som er utanfor arbeidslivet. Regjeringa har vedteke at staten skal gå føre i dugnaden. Målet er at minst 5% av dei nyttilsette i staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en.

Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv H-3/18 og [PM-2019-2](#).

Førebels tilsette skal vere med i teljinga med omsyn til 5%- målet

Det overordna målet for inkluderingsdugnaden er at menneske i målgruppa får ei permanent tilknytning til arbeidslivet. I rundskriv [H-3/18](#) er det lagt til grunn at det er nyttilsetjingar i faste stillingar som skal inngå i dei statlege verksemdene si rapportering om inkluderingsdugnaden. Etter NAV si erfaring går dei fleste vellukka inkluderingsløp vegen via førebels tilsetjing. Det er òg vanleg å rekne både førebelse og faste stillingar som del av det ordinære arbeidslivet. Vi har kome til at det er tenleg at alle tilsetjingar i ordinære stillingar, både faste og førebelse, skal omfattast av rapporteringa i høve til 5%-målet. Deltakarar i ulike tiltak frå NAV (som ikkje er tilsette i verksemdene), skal ikkje teljast med.

Denne måten å telje på skal gjelde frå 1. april 2019.

Forslag om endringar i reglane for tilsetjing vil bli sendt på høyring

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil i løpet av våren sende på høyring forslag til endringar i forskrift til statstilsettelova, slik at regelverket betre legg til rette for ein inkluderande rekrutteringspraksis og slik at ein enklare kan tilsetje personar med hol i CV-en. Departementet ser òg på moglegheit for enklare overgang frå førebels traineestilling til fast tilsetjing i verksemda.

Etter fullmakt

Gisle Norheim
statens personaldirektør

Kristina Jullum Hagen
avdelingsdirektør

Eventuelle spørsmål kan rettast til arbeidsgiver.difi.no